Vedtekter for kommunale barnehagar i Nord-Fron	

Innhald

1. Verkeområde....3
2. Barnehagelova § 1....3
3. Eigarforhold....3
4. Leike- og opphaldsareal....3
5. Foreldreråd og samarbeidsutval....4
6. Om barnehageplassen, opningstider og ferieavvikling....4
7. Opptak til barnehage....5
   7.1 Samordna opptak, opptaksmyndigheit....5
   7.2 Opptakskrets....5
   7.3 Registrering av søknad....5
   7.4 Rett til plass i barnehage....5
      7.4.1 Lovfesta rett til barnehageplass....5
      7.4.2 Lokal rett til barnehageplass....6
   7.5 Hovudopptak....6
   7.6 Kriterium i prioritert rekkjefølgje ved tildeling av plass....7
      7.6.1 Barn med nedsett funksjonsevne og vedtak etter barnevernlova....7
      7.6.2 Barn med sosiale eller medisinske behov....7
      7.6.3 Barn som skal starte på skolen....7
      7.6.4 Barn som må byte barnehage på grunn av alder....7
      7.6.5 Søsken i same barnehage....7
      7.6.6 Barn av føresette i introduksjonsprogram....7
      7.6.7 Prioritering etter alder....8
   7.7 Rett til å stå på venteliste....8
   7.8 Fortløpande tildelingar....8
8. Klagerett....8
9. Overflyttingssøknader....9
10. Foreldrebetaling....9
   10.1 Moderasjonsordningar....9
   10.2 Søknadsfristar....9

11. Permisjon 10
12. Oppseiing av plass og bortfall av tildelt barnehageplass 10
12.1 Oppseiing frå føresette 10
12.2 Oppseiing frå Nord-Fron kommune 10
12.2.1 Manglande betaling 10
12.2.2 Flytting ut av kommunen 10
12.2.3 Dersom tildeling av barnehageplass er gjort ut frå uriktige opplysningar 11
12.2.4 Avvikling av barnehage 11
12.2.5 Overgang mellom ulike barnehagar 11
13. Helseinformasjon 11
14. Forsikringar 11
15. Teieplikt og opplysningsplikt 11
16. Internkontroll 11
17. Endringar av vedtektene, oppheving og iverksetting 11

1. Verkeområde

Vedtektene gjeld for alle kommunale barnehagar i Nord-Fron kommune.

2. Barnehagelova § 1

Formål:

> «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.
>
> Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.
>
> Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

3. Eigarforhold

Nord-Fron kommune eig desse barnehagane:

- Kvam barnehage Åa
- Toksebakken barnehage
- Skåbu barnehage
- Ruste barnehage

Kvar barnehage skal ha ein styrar som er barnehagelærar eller anna høgskoleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse. Jf. barnehagelova § 24.
Dei kommunale barnehagane i Nord-Fron skal drivast i samsvar med lov om barnehagar osv. og dei til kvar tid fastsette føresegner og retningsliner frå departement og kommune.

4. Leike- og opphaldsareal

Ved godkjenning av barnehagane skal rettleiande arealnorm for;

- innandørs leike- og opphaldsareal minst vere på;
  - 4 kvadratmeter for barn over 3 år
  - 5,3 kvadratmeter for barn under 3 år

- utandørs leike- og opphaldsareal minst vere på 6x innandørsareal, dvs.;
  - 24 kvadratmeter for barn over 3 år
  - 31,8 kvadratmeter for barn under 3 år

Jf. rundskriv F-08/2006, s. 40.

5. Foreldreråd og samarbeidsutval

Kvar barnehage skal, i tråd med barnehagelova § 4, ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval for å sikre godt samarbeid mellom heim og barnehage. Barnehagane har utarbeidd eigne vedtekter for desse råda.

Foreldrerådet består av føresette til alle barna. Det skal fremje fellesinteressene til foreldregruppa og bidra til eit godt samarbeid mellom barnehagen og heimane.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ som skal bidra til kontakt og samarbeid. Det består av føresette og tilsette i barnehagen, med like mange representantar frå kvar gruppe. Eigar kan delta dersom det er ønskjeleg, men ikkje med fleire representantar enn dei andre gruppene.

I Kvam, Ruste og Toksebakken barnehage er det 5 representantar:

- 2 frå føresette
- 2 frå tilsette
- 1 politisk representant

I Skåbu barnehage er det felles samarbeidsutval med skolen, slik barnehagelova § 5 opnar for. Utvalet har til saman 10 representantar:

- 1 føresett frå barnehagen
- 1 tilsett frå barnehagen
- 2 føresette frå skolen
- 2 elevar
- 1 representant for undervisningspersonale
- 1 representant for andre tilsette
- 1 politisk representant
- rektor

6. Om barnehageplassen, opningstider og ferieavvikling

Nord-Fron kommune tilbyr 5-dagarsplassar (fulltidsplassar).
Barn som får tildelt plass i kommunal barnehage, har rett til barnehageplass fram til og med veke 32 det året dei startar på skolen.
Barnehageåret startar måndag i veke 33.
Opningstida er kl. 07.00–16.30 måndag til fredag.

Barnehagen held stengt:

- Frå 24. desember til og med 1. januar
- Frå måndag etter palmesøndag til og med 2. påskedag
- Tre veker om sommaren (veke 29, 30 og 31)
- Fem planleggingsdagar i løpet av året

Barn skal ha minst 5 veker ferie i løpet av barnehageåret.
Tre av desse vekene blir avvikla når barnehagen er stengd om sommaren. Planleggingsdagar og stengde dagar i samband med jul og påske kan reknast som ferie.

7. Opptak til barnehage

7.1 Samordna opptak, opptaksmyndigheit

Kommunen, som barnehagemyndigheit, har ansvar for samordna opptak.
Opptaket gjeld både kommunale og private barnehagar i kommunen. Ved opptak skal det leggjast stor vekt på ønskje og behov frå dei som søkjer, jf. barnehagelova § 17.
Søknadene blir behandla etter reglane i forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak til barnehage, samt barnehagelova.

Kommunedirektøren, eller ein som har fått delegert myndigheit, gjer enkeltvedtak etter desse vedtektene.

7.2 Opptakskrets

Opptakskretsen for dei kommunale barnehagane er barn som er busette i Nord-Fron kommune.

For å starte i ein kommunal barnehage må familien vere busett i kommunen når barnet startar i barnehagen.

7.3 Registrering av søknad

Alle søknader skal sendast inn elektronisk via kommunens digitale portal. Det skal sendast inn ein elektronisk søknad per barn, og det blir anbefalt å registrere inn tre ulike barnehagar i prioritert rekkjefølgje.

7.4 Rett til plass i barnehage

Nord-Fron kommune har to hovudopptak i løpet av året. Søkjarar som søkjer innan fristane 1. mars eller 1. oktober, vil få tilbod om barnehageplass.

- Søknadsfristen 1. mars gjeld for oppstart i veke 33.
- Søknadsfristen 1. oktober gjeld for oppstart 1. januar.

Retten til barnehageplass er lovfesta og byggjer på eit faktisk behov for plass, jf. Ot.prp. nr. 52 (2007–2008). Den lokale retten er vedteken med same utgangspunkt.
Barnehageplassen skal takast i bruk innan ein månad etter oppstartsdatoen i tilbodsbrevet. Dette gjeld både lovfesta og lokal rett til barnehageplass.

7.4.1 Lovfesta rett til barnehageplass

Barnehagelova § 16 om rett til plass i barnehage;

«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.
Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.
Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

7.4.2 Lokal rett til barnehageplass

I Nord-Fron har alle barn rett til barnehageplass, uavhengig av når på året dei er fødde (K-vedtak 14.12.15, sak 154/15). Denne retten gjeld ved hovudopptaket.
Ved tildeling av plass utanom hovudopptaket skal den lokale retten vere eit mål, så langt kapasiteten i barnehagane rekk.

7.5 Hovudopptak

Dette gjeld barn som ikkje har barnehagetilbod i Nord-Fron frå tidlegare.

- *Søknadsfrist 1. mars*.
  Tilbod om barnehageplass vil gjelde frå nytt barnehageår i veke 33.

- *Søknadsfrist 1. oktober*. Tilbod om barnehageplass vil gjelde frå 1. januar.

Føresette med barn som fyller eitt år i september – november kan velje om dei ønskjer oppstart frå august, eller frå den månaden barnet fyller eitt år.

I Nord-Fron har alle barn rett til barnehageplass, uavhengig av når på året dei er født, jf. K-vedtak 14.12.15, sak 154/15. Den lokale retten til plass gjeld ved hovudopptaket. Dette inneber at barn som fyller eitt år i tida frå desember og seinare, og som søkjer barnehageplass innan fristen for hovudopptaket (1. mars eller 1. oktober), vil få tilbod om plass:

- Frå veke 33, eller
- For oppstart seinare på hausten, med oppstart den 1. i månaden fram t.o.m. november, eller
- Oppstart frå 1. januar

Dersom det er ønskje om seinare oppstart enn desse, må søknaden sendast inn etter fristen for hovudopptaket (jf. fortløpande tildelingar).

Søkjarar som ikkje har fått sitt første ønske oppfylt, kan setjast på venteliste ved denne barnehagen ut barnehageåret.

Det er klagerett. Klageinstans er lokal klagenemnd.

7.6 Kriterium i prioritert rekkjefølgje ved tildeling av plass

Barn med lovfesta rett til barnehageplass skal tildelast plass før barn med lokal rett. Jf. pkt. 7.4 - 7.4.2.

Ved hovudopptaket skal alle barn som har søkt innan søknadsfristen, få tilbod om barnehageplass.

Etter hovudopptaket blir søknader behandla fortløpande så lenge det er ledig kapasitet.

Prioritetsrett inneber at barnet blir vurdert før andre søkjarar ved opptaket, men gir ikkje rett til plass i ein bestemt barnehage eller garanti for plass ved fortløpande opptak.

7.6.1 Barn med nedsett funksjonsevne og vedtak etter barnevernlova

Barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter barnevernlova § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Jf. barnehagelova § 18.

Begrepet nedsett funksjonsevne omfattar ulike fysiske funksjonsnedsetjinga, utviklingshemming, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidingar. Ikkje alle funksjonsnedsetjingar gir rett til fortrinn ved opptak. Ein sakkunnig instans må vurdere om funksjonsnedsetjinga og konsekvensar av den for barnet skaper eit større behov for barnehageplass enn for førskolebarn elles. Jf. rundskriv F-08/2006 s. 45.

Vedtak ut frå barnevernlova må bli dokumenter med vedtak frå Barneverns- og helsenemnd, barneverntenesta eller domstol.

7.6.2 Barn med sosiale eller medisinske behov

Barn som har behov for plass grunna sosiale eller medisinske årsaker hos barnet, foreldre eller søsken. Krav om dokumentasjon frå relevant faginstans.

7.6.3 Barn som skal starte på skolen

Det skal takast omsyn til barna som skal starte på skolen, for å sikre god overgang mellom barnehage og skole.

7.6.4 Barn som må byte barnehage på grunn av alder

Det skal takast omsyn til dei barna som på grunn av alder må byte barnehage.

7.6.5 Søsken i same barnehage

Søsken skal, så langt det er mogleg, få plass i same barnehage.
Dette gjeld berre for førstevalet i søknaden.

7.6.6 Barn av føresette i introduksjonsprogram

Barn av føresette som deltek på introduksjonsprogram for flyktningar ved oppstartsdato for barnet.

7.6.7 Prioritering etter alder

Når alt anna er likt, er fødselsdatoen avgjerande der eldste barn har prioritet.

7.7 Rett til å stå på venteliste

Retten til å stå på søkjarlista, er regulert i forskrift om saksbehandling ved barnehageopptak § 3.

Dersom barnet ikkje får plass i barnehagen som er sett opp som førsteval, har søkjaren rett til å stå på venteliste til denne barnehagen.

Denne retten gjelder uavhengig av om søkjaren har takka ja eller nei til tilbydd plass. Ventelista gjeld ikkje for overflyttingssøknader, jf. punkt 9.

Når det blir ledige plassar i løpet av barnehageåret, vil barn på ventelista bli vurdert før nye søkjarar, etter dei same opptakskriteria.

Ventelista gjeld for resten av det barnehageåret det er søkt om plass for.

Ventelista blir ikkje brukt ved søknadsfristen 1. februar eller 1. mars for nytt barnehageår. Dersom ein ønskjer plass i same barnehage som ein tidlegare har stått på venteliste til, må det sendast inn ny søknad.

7.8 Fortløpande tildelingar

Dersom det er ledig kapasitet og det ikkje medfører auka kostnadar, kan det bli gjort fortløpande opptak gjennom barnehageåret.

Det er ikkje klagerett ved fortløpande tildeling.

Søknadane blir behandla ca. to månader før ønskt oppstartsmånad etter tildelingskriteria.

8. Klagerett

Klageretten er regulert i § 6 i forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage.

Klageretten gjeld ved hovudopptaket, jf. pkt. 7.5

Søkjarar kan klage dersom dei får avslag på barnehageplass, eller dei ikkje får oppfylt verken første- eller andrevalet sitt.

Reglar om klagefrist, klagebehandling og klageinstans går fram av forskrift om saksbehandling ved barnehageopptak §§ 7–10.

9. Overflyttingssøknader

- *Søknadsfrist 1. februar.*
  Tilbod om overflytting vil gjelde frå nytt barnehageår, f.o.m. veke 33.

- *Søknadsfrist 1. september.*
  Tilbod om overflytting vil gjelde frå nyttår, 1. januar.

Ordninga gjeld barn som allereie har teke i bruk ein barnehageplass i Nord-Fron kommune.

Overflyttingssøknader vil bli behandla før nye søknader til hovudopptaket.
Det er ikkje klagerett eller venteliste ved overflyttingssøknader.

10. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.
Kommunestyret fastset foreldrebetalinga innanfor maksprisane frå Stortinget, og kva det kostar for mat.

Betalingsfristen er den 20. i påfølgjande månad.

Årsbeløpet blir fordelt på elleve månader i året, august er betalingsfri.
I tillegg til opphaldet, blir det fakturert for mat. Feriefråvær ut over 5 veker gir ikkje fritak for betaling.

Foreldrebetalinga gjeld frå tildelt dato og fram til barnet startar på skolen, eller oppseiing.

10.1 Moderasjonsordningar

Søskenmoderasjon: Det blir automatisk innvilga søskenmoderasjon dersom søskena bur fast saman og går i barnehage i same kommune.
Som søsken reknar vi heil- og halvsøsken som bur fast samen, det vil seie at dei har same folkeregistrert adresse.

Stesøsken er ikkje omfatta av ordninga. Fosterbarn blir rekna som søsken.

6%-regelen og gratis kjernetid: Etter søknad kan det bli innvilga reduksjon i betalinga grunna låg inntekt og/eller gratis kjernetid etter reglane i §§ 3 – 3e. Sjå heimesida for gjeldande inntektsgrense.

Søknad skal sendast elektronisk via kommunens digitale portal. Eit vedtak vil gjelde ut barnehageåret.

10.2 Søknadsfristar

- Søknader som kjem inn innan 1. mai, gjeld frå oppstart av nytt barnehageår.
- Søknader som kjem inn etter 1. mai til og med 31. august, gjeld frå 1. september.

- Søknader som kjem inn frå og med 1. september, gjeld frå første heile månaden etter at søknaden er motteken.

11. Permisjon

Føresette kan søkje permisjon frå barnehageplassen.

Fritak frå betaling kan bli vurdert etter søknad.

Søknad om permisjon må sendast skriftleg til styrar ein månad før aktuell permisjonsperiode. Barnehagestyrar avgjer om permisjonen blir innvilga.

12. Oppseiing av plass og bortfall av tildelt barnehageplass

12.1 Oppseiing frå føresette

Føresette kan seie opp heile barnehageplassen via den digitale portalen til kommunen.

Oppseiingstida er èin månad, rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er sendt.

Dersom oppseiinga skal gjelde frå 1. mai eller seinare i barnehageåret, blir dette rekna som utvida ferie. Plassen må betalast for ut barnehageåret.

12.2 Oppseiing frå Nord-Fron kommune

Nord-Fron kommune kan seie opp plassen med to månaders varsel.
Slik oppseiing kan bli sendt ved;

12.2.1 Manglande betaling

Ved for sein betaling blir det lagt til forseinkingsrenter etter reglane i lov om renter ved for sein betaling.

Dersom to fakturaer for barnehageplassen ikkje er betalte, tek Nord-Fron kommune kontakt med føresette, skriftleg eller munnleg. Då blir det eit varsel om mogleg oppseiing av plassen eller om å inngå ei nedbetalingsavtale.

Ubetalt foreldrebetaling blir kravd inn etter gjeldande rutinar for innkrevjing i Nord-Fron kommune.

Dersom tre fakturaer ikkje er betalte, kan kommunen seie opp barnehageplassen.

12.2.2 Flytting ut av kommunen

Har barnet plass i ein kommunal barnehage, kan barnet behalde plassen ut resten av barnehageåret.

12.2.3 Dersom tildeling av barnehageplass er gjort ut frå uriktige opplysningar

Eit vedtak om tildeling av barnehageplass kan bli endra dersom søkjaren bevisst har gitt feil opplysningar som har hatt betydning for tildelinga, jf. §12 i forskrift om saksbehandling ved opptak til barnehage.

12.2.4 Avvikling av barnehage

Nord-Fron kommune kan seie opp plassen dersom ein kommunal barnehage blir avvikla, barnet vil då få tilbod om plass i annan barnehage.

12.2.5 Overgang mellom ulike barnehagar

Ved overflytting mellom kommunale barnehagar, eller frå kommunal til privat barnehage, blir den gamle plassen automatisk bli sagt opp når føresette takkar ja til ny plass.

13. Helseinformasjon

Ved oppstart og overflytting mellom barnehagar, skal føresette fylle ut eit helseskjema per barn. Skjemaet er tilgjengeleg via kommunens digitale portal. Jf. barnehagelova § 50.

14. Forsikringar

Nord-Fron kommune har ei kollektiv forsikring som dekkjer personskadar for barn i kommunale barnehagar som skjer i ordinær opningstid for barnehagen, i nærområdet, på utflukter og reiser i regi av barnehagen. Forsikringa gjeld også på direkte veg til og frå barnehagen.
Forsikringa omfattar ikkje skade på ting som til dømes briller, vogn og klede.

15. Teieplikt og opplysningsplikt

Dei tilsette i barnehagane har teieplikt etter barnehagelova § 44, jf. forvaltningslova §§ 13 – 13g.
Alle tilsette i barnehagane har opplysningsplikt til sosialtenesta, helse- og omsorgstenesta og barnevernstenesta. Meldeplikta er personleg og er ein del av denne plikta. Dette følger av barnehagelova §§ 45 og 46.

16. Internkontroll

Det blir gjennomført internkontroll i tråd med barnehagelova § 9. Styrar er delegert ansvaret for dette.

17. Endringar av vedtektene, oppheving og iverksetting

Vedtektene kan endrast av kommunestyret etter tilråding frå utval for helse- og oppvekstsaker.
Mindre ikkje-prinsipielle endringar, kan gjerast av utval for helse- og oppvekstsaker.
Vedtektene frå 15.11.2023, vedtatt i utval for helse- og oppvekstsakene, saksnr 31/23 blir oppheva.

Vedtektene er vedteke av kommunestyret 29.10.2026, saksnr 79/26, og trer i kraft frå 29.10.2026.